

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.04.2016

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF og Sp fram slikt forslag:

"Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.

Grunngjeving:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal fatte vedtak på sjølvstendig grunnlag, men det er likevel nyttig å ha kjennskap til kommunen sitt syn på saka, og utval for kultur, idrett og regional utvikling vil difor avvente deira behandling."

Røysting (forslaget om utsetjing)

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka til neste møte 10. mai 2016.